



# NOREGS HØGSTERETT

Den 18. desember 2014 sa Høgsterett dom i

**HR-2014-02476-A, (sak nr. 2014/1700), straffesak, anke over dom,**

Den offentlege påtalemakta

(statsadvokat Erik Førde)

mot

A

(advokat Trygve Staff)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld utmåling av straff hovudsakleg for å ha med våpen på offentleg stad utan aktverdig grunn.
- (2) A vart i september 2013 sikta for brot på våpenlova § 33 første ledd andre punktum, jf. andre ledd ledd, jf. § 27 b andre ledd. Av grunnlaget går det fram at A onsdag 13. februar 2013 om lag klokka to om natta hadde med ein ladd revolver på ein utestad i Oslo sentrum. Siktinga omfatta også innehav av ei mindre mengde marihuana og forulemping av ein polititenestemann, begge deler ved eit tidlegare høve.
- (3) A vart pågripen på utestaden med våpenet og gav straks ei etterhaldslaus tilståing. Oslo tingrett sa 19. november 2013 tilståingsdom med slik domsslutning:

"A, født 00.00.1990, dømmes for overtredelse av våpenloven § 33 første ledd annet punktum jf annet ledd jf tredje ledd jf § 27 b annet ledd, straffeloven § 326 nr 2 og legemiddelloven § 31 annet ledd jf § 24 første ledd til samfunnsstraff i 80 – åtti – timer. Den subsidiære fengselsstraffen settes til 80 – åtti – dager. I tillegg dømmes han til en straff av fengsel i 24 – tjuefire – dager, straffeloven § 28 a sjette ledd litra b. Straffeloven § 62 annet ledd og § 63 annet ledd er anvendt."

I medhold av straffeloven § 64 innndras en revolver.

**Til fradrag i fengelsesstraffen kommer 4 – fire – dager for utholdt varetekts.”**

- (4) Påtalemakta anka over straffutmålinga. Borgarting lagmannsrett sa 1. juli 2014 dom med slik domsslutning:

**"I tingrettens dom gjøres den endring at straffen settes til fengsel i 90 – nitti – dager.**

**I medhold av straffeloven § 35 inndras en revolver."**

- (5) Påtalemakta har anka til Högsterett over straffutmålinga.

- (6) *Eg er komen til* at anken må takast til følgje.

- (7) Det heilt dominerande forholdet ved straffutmålinga er brotet på våpenlova.

- (8) Om sjølve våpenet heiter det i lagmannsrettsdommen:

**"Selv om våpenet var ladd, må det likevel legges til grunn at de to patronene i revolveren var plassert slik at tønna måtte roteres før våpenet eventuelt kunne avfyrtes. Videre må den tvil som knytter seg til om det eldre våpenet i det hele tatt kunne avfyrtes, komme A til gode."**

- (9) Tingretten hadde lagt til grunn at "våpenet ville vært vanskelig å avfyre, idet det manglet avtrekker". Under ankeforhandlingane i Högsterett er det lagt fram ein rapport som viser at avtrekkjaren kan foldast inn, og at våpenet er heilt i orden. Saka er såleis betre opplyst for Högsterett enn for dei tidlegare rettane.

- (10) Det går fram av dommane frå tingretten og lagmannsretten at A hadde teke med seg revolveren inn på ein utesstad i Oslo sentrum der det var mange menneske til stades. Revolveren var ladd med to patroner i sylinderen, som hadde fem rom. Klokka var to om natta, og A var rusa. Han hadde revolveren med seg i ei lomme på ytterjakka, som han la frå seg i garderoben. I tingretten forklara han at han skaffa revolveren for å ha til sjølvforsvar, og at han den aktuelle kvelden hadde teke den med fordi han rekna med at han kunne møte nokon som tidlegare hadde trua han. Revolveren var ikkje registrert.

- (11) Etter våpenlova § 27 b andre ledd må skytevåpenen ikkje havast med på offentleg stad utan aktverdig grunn. Det er på det reine, og er ikkje omtvista, at den domfelte handla i strid med føresegna i våpenlova § 27 b andre ledd.

- (12) Lagmannsretten domfelte, slik også tingretten hadde gjort, for grovt brot på våpenlova, jf. § 33 andre ledd. Forsvararen har gjort gjeldande at det ikkje er opplagt at dette er rett, men at det kanskje heller kan vere tale om eit brot på § 33 første ledd andre punktum første straffalternativ. Skulle handlinga gå inn under § 33 andre ledd, blir det halde fram at dette i så fall må vere i den nedre delen av verkeområdet.

- (13) Brot på føresegnene i våpenlova blir straffa etter nærmare reglar i våpenlova § 33. Som utgangspunkt er straffa bøter eller fengsel opp til 3 månader, sjå første ledd første punktum. Etter § 33 første ledd andre punktum første straffalternativ kan brot på våpenlova § 27 b andre ledd straffast med bøter eller fengsel i opp til 2 år. Men er eit slikt brot grovt, kan det nyttast bøter eller fengsel i opp til 4 år, sjå våpenlova § 33 andre ledd. Ved avgjerda av om eit brot er grovt skal det etter andre ledd andre punktum "særlig

legges vekt på hva slags og hvor mange våpen overtredelsen gjelder eller om handlingen av andre grunner er av særlig farlig eller samfunnsskadelig art".

- (14) Våpenlova § 33 fekk sitt noverande andre ledd i 1998. Om kva som skal reknast som grovt brot heiter det i ei utgreiing som departementet slutta seg til, og som er det er sitert frå i Ot.prp. nr. 74 (1996–1997) side 26–27:

**"Ved avgjørelsen av om overtredelsen er grov skal det særlig legges vekt på hva slags våpen det gjelder, antall våpen, om våpenet er ladd, eller lett kan lades, om det er et uregistrert våpen som bæres på offentlig sted, om vedkommende tidligere er straffet for brudd på våpenlovens bestemmelser eller om forholdene for øvrig er av særlig farlig eller samfunnsskadelig art.**

**Oppregningen er ikke ment å være uttømmende. Dersom overtredelsen innbefatter forhold hvor våpenet er ladd, eller lett kan gjøres skyteklart, mener utvalget at den strengere strafferamma i tredje ledd bør komme til anvendelse. ..."**

- (15) Tredje ledd som det blir vist til i sitatet, er det som no er andre ledd.
- (16) Spørsmålet om eit brot på våpenlova er grovt, har vore oppe i nokre saker for Høgsterett.
- (17) I avgjerda i Rt. 2003 side 124 hadde den domfelte med seg to ladde skytevåpen på ein nattleg køyretur i Oslo sentrum i ein situasjon der han var redd for konfrontasjon med "B-gjengen". Skytevåpna var ikkje lovleg erverva. Retten fann det ikkje tvilsamt at dette var eit grovt brot på våpenlova § 27 b, slik at § 33 andre ledd kom til bruk.
- (18) I to andre saker har handlingane vore førte inn under våpenlova § 33 første ledd. Høgsterett har i begge sakene reist spørsmål ved om det ikkje var tale om grove brot som skulle vore subsumerte under våpenlova § 33 andre ledd, sjå Rt. 2006 side 582 avsnitt 32 og Rt. 2008 side 1303 avsnitt 28. Spørsmålet om subsumsjonen var ikkje reist under behandlinga av sakene, og Høgsterett tok ut frå det ikkje stilling til det. I begge sakene vart det vist til at dei omstenda som eventuelt ville vore grunnlag for subsumsjon under § 33 andre ledd, i alle tilfelle kunne givast vekt under strafferamma for § 33 første ledd andre punktum.
- (19) Etter mitt syn er det ikkje tvilsamt at forholdet i saka no går inn under andre ledd i våpenlova § 33. Den domfelte hadde om natta med seg eit ladd våpen inn på ein utestad i Oslo sentrum der det var mykje folk. Farepotensialet ved ei slik handling er etter mitt syn tilstrekkeleg til å føre handlinga inn under andre ledd, jf. det siterte frå proposisjonen og Rt. 2003 side 124. I tillegg kjem at A var rusa og at han hadde våpenet med seg for å ha det i "sjølvforsvar", overfor personar som han meinte var ute etter seg. Innehavet av våpenet var dessutan ulovleg. Etter mitt syn er det ikkje tale om eit forhold som kan seiast å ligge i det nedre sjiktet av andre ledd, men om eit forhold av eit slag som er sentralt innanfor verkeområdet for andre ledd.
- (20) Aktor og forsvarar har vore bedne om å uttale seg om reglane om våpenforgåingar i straffelova av 2005 §§ 189–191 kan ha som følgje at det etablerte straffenivået for slike saker som vår, må endrast. Dei har vore samde om at det ikkje er grunnlag for det. Eg deler dette synet. Lovførrearbeida inneholder såleis ikkje noko som tyder på at lovgivar har tenkt seg ei skjerping av nivået. Forslaget til ein paragraf som skal erstatte den aktuelle delen av andre ledd i våpenlova § 33, er dessutan førebels berre på høyringsstadiet, sjå høyringsnotat frå lovavdelinga i Justisdepartementet, juni 2014, snr. 14/3664.

- (21) Straffa i saka no må såleis utmålast på grunnlag av straffenivået slik dette er etablert i praksis. Eg minner om det eg har sagt om dei nærmere omstenda i saka i Rt. 2003 side 124. Straffa vart der sett til fengsel i 6 månader. Avgjerda i Rt. 2006 side 582 gjeldt også innehav av ladd pistol, uregistrert, i bil, med tanke på vern mot "B-gjengen". Den domfelte der var straffa tidlegare for brot på våpenlova. Straffa i 2006-avgjerda vart sett til fengsel i 5 månader.
- (22) Eg går så over til den konkrete straffutmålinga. Dei nærmere omstenda går fram av det eg har sagt tidlegare. Oppsummert var det då slik at A, i rusa tilstand, hadde med seg ein ladd revolver inn på ein utested i Oslo sentrum. Han hadde med våpenet med tanke på "sjølvforsvar" mot personar som var "ute etter han". I denne situasjonen kunne svært mykje gå galt, både ved at han kom til å bruke våpen slik han hadde budd seg på, men også ved at situasjonen hadde utvikla seg på andre måtar. Som påpeika i Ot.prp. nr. 74 (1996–1997) side 3 var det grunnleggjande for lovendringa då "å skjerpe straffen for ... omgang med skytevåpen som skaper utrygghet og fare for alvorlig skade". Det må derfor reagerast strengt mot handlingar av det slaget som A er domfelt for.
- (23) Etter mitt syn bør straffa i utgangspunktet setjast til fengsel i 6 månader. Det er lite rom for å ta omsyn til personlege tilhøve. Nivået skal først og fremst gi eit varsel til andre som kunne tenkjast å ta med våpen i strid med reglane. Som påpeika på side 25 i den nett nemnde proposisjonen er signaleffekten viktig.
- (24) Domfellinga for dei to andre postane ville isolert sett gitt ei bot og har ikkje nemnande å seie for straffutmålinga.
- (25) Tilståinga hadde neppe særleg innverknad på domfellinga ut over det den forenkla framgangsmåten med tilståingsdom representerer. Men også dette bør tilleggjast vekt, jf. som døme Rt. 2006 side 582 avsnitt 33 med vidare tilvisingar. Straffa bør såleis i dette tilfellet setjast til fengsel i 5 månader.
- (26) Eg røystar etter dette for slik

#### D O M :

I lagmannsrettsdommen blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 5 – fem – månader.

- |      |                            |  |
|------|----------------------------|--|
| (27) | <b>Dommer Bergsjø:</b>     | Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende. |
| (28) | <b>Dommer Kallerud:</b>    | Likeså.  |
| (29) | <b>Dommer Matningsdal:</b> | Likeså.  |
| (30) | <b>Dommer Gjølstad:</b>    | Likeså.  |

(31) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

I lagmannsrettsdommen blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 5 – fem – månader.

Rett utskrift: